

VEDTEKTER FOR DRIFTA AV NAUSTVÅGEN BARNEHAGE

1. Vedtekter

Vedtekter for Naustvågen barnehage blir fastsett av eigar innanfor ramma av gjeldande lover og reglar jfr. barnehagelova §8. Endringar eller tillegg til vedtektene kan berre bli vedtatt med eit stemmefleirtal frå styremedlemmene.

2. Eigartilhøve

Stiftinga Naustvågen barnehage vart oppretta ved å ha underteikna ein festekontrakt på ein eigedom på ca. 2.5 mål, med bygning, av gnr. 40, bnr. 21. Festekontrakten utgår 2025.

Stiftinga Naustvågen barnehage består av foreldre som til ei kvar tid har born i barnehagen, og stiftinga er eigar av barnehagen. Stiftinga skal driva barnehage for tilsette ved Aker Solutions.

Aker Solutions og fagforeiningane ved Aker Solutions har til saman gitt kr. 1.000.000 til etableringa av barnehagen. Føresetnaden for bidraget er at opptakskriteria, slik dei går fram av vedtektene, vert følgde. Ved eventuelt vedtak om avvikling av barnehageverksemda, skal startkapitalen førast tilbake til givarane, Aker Solutions og fagforeiningane. Barnehagen skal drivast i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande Lov om barnehagar, forskrifter og retningslinjer.

3. Arealutnytting

Netto leike- og opphaldsareal pr. barn i barnehagen er 5,3 m² for born under 3 år og 4 m² for born over 3 år.

4. Føremål

Barnehagen skal drivast i samarbeid med heimen. Den skal ha som føremål å vera med på å utvikla kvart born sin personlegdom, evner og toleranse gjennom sjølvutfolding og leik, innanfor ramma av ei godkjent pedagogisk tilrettelagt verksemd. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjonar, jfr. Barnehagelova §1.

5. Opptakskrets

Ved opptak av born skal det leggjast vekt på at barnehagelova sin føremålsparagraf vert ivaretatt og barnehagen sin kapasitet og funksjon vert utnytta best mogeleg.

1. Born som bur i Stord kommune
2. Søkjarar frå andre kommunar

6. Prioritering ved opptak

Naustvågen barnehage samarbeider med Stord kommune i høve til samordna opptak. Styrar gjer opptak i medhald til punkt 5 og punkt 1 - 6 under .

1. Born med nedsett funksjonsevne skal ha prioritet ved opptak i barnehagen.
Jfr. Lov om barnehagar §18, med merknader. Born som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester § 4, har rett til prioritet ved opptak i barnehagen.
2. Born av tilsette ved Aker Solutions.
3. Søsken av born som allereie har plass i barnehagen.
4. Born av tilsette i Naustvågen barnehage.
5. Born med lovfesta rett til barnehageplass jf. lov om barnehagar §16.
6. Born som elles står på barnehagen si venteliste.

Barnegruppa si samansetjing med omsyn til alder/kjønn blir teke med i vurderinga når inntak skal gjerast. Når eit barn har fått plass, får det behalda denne plassen til den blir sagt opp av foreldra, eller til barnet går over i skulen.

Det er Utviklingsgruppa i Stord kommune som skal handsama evt. klager.(Jfr. § 7, forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehagen.).

7. Opptak.

Søknadsfristen for hovudopptaket er 1. mars kvart år. Etter hovudopptaket er det kontinuerleg opptak ved ledige plassar.

Elektronisk søkjarportal finn ein på Stord kommune si heimeside: www.stord.kommune.no

Der ligg det og informasjon om høve til å søkja om redusert opphaldsbetaling og søknadsskjema for dette.

Spørsmål om ledig barnehageplass skal rettast mot Utviklingsgruppa, Stord Kommune.
Annan generell informasjon kan ein få i barnehagen.

Når føresette takkar ja til plass i Naustvågen barnehage, signerer føresette på at dei har godkjent barnehagen sine vedtekter.

7.1 Opptaksperiode

Barnehageåret går frå 15. august til 14. august.

Barnehagen tilbyr 100% plass – 5 dagar i veka.

7.2. Ferie

I løpet av bruksåret skal barnet ha 3 veker samanhengande ferie i perioden 1. juni – 31. august, og 1 veke ferie i løpet av året. Foreldra må innan 20.04. kvart år gje melding om kva tid barnet skal ha ferie.

Born som skal starta på skulen må ha avvikla ferie før 14. august.

Foreldre som ikkje ynskjer å nytta seg av barnehagen frå 1. august til 14. august det året barnet startar på skulen, må gje skriftleg melding til styrar om dette innan 20.04. for ikkje å verta fakturert fram til 14. august.

7.3 Oppseiingsfrist.

Gjensidig oppseiingsfrist er 2 mnd. rekna frå den fyrste dagen i månaden etter at oppseiinga er gjort. Unntak kan gjerast dersom plassen kan fyllast før oppseiinga er ute e.l. Oppseiinga skal vera skriftleg og sendast til styrar.

8. Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga skal betalast innan 20. i kvar mnd. og skal ikkje setjast høgare enn maksimalgrensa. Maksimalgrensa vert fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Matpengar kjem i tillegg, kr. 250,- pr. mnd. Det er ikkje søskenmoderasjon på matpengar.

Økonomisk støtte/friplass kan gjevast etter søknad frå føresette som har lav betalingsevne.

Det er særskilt søknadsskjema og retningsliner for dette. Desse kan fåast ved å venda seg til Kundetorget eller hentast ut frå Stord kommune si nettside, www.Stord.kommune.no

8.1. Ved manglande betaling:

1. purring skjer etter 14 dagar, deretter vil gjeldande reglar for inndrivning setjast i verk. Barnet/borna mister plassen etter 2 mnd., og saka går då vidare til inkassobyrådet i PBL, som handsamar saka etter gjeldande reglar.

Naustvågen barnehage nyttar avtalegiro som betalingsmåte.

Samarbeidsutvalet fastset betalingsattsane som gjeld for reduserte plassar.

Prisen vert regulert prosentvis, etter stillingsstørrelse.

8.2. Søskenmoderasjon.

Søskenmoderasjon: 100 % betaling for det første barnet, 30 % reduksjon av full betaling for barn nr. 2 og 50 % reduksjon for barn nr. 3.

8.3. Fråtrekk i foreldrebetalinga.

Det vert ikkje gjeve fråtrekk i betalinga for fråvær ved sjukdom eller andre årsaker, og det vert heller ikkje fråtrekk for dei dagane barnehagen har stengt, t.d. planleggingsdagar, helge- og høgtidsdagar.

8.4. Betalingsfri i juli.

Juli mnd. er betalingsfri, med atterhald om at barnet har hatt dei ferievekene det skal i løpet av barnehageåret (15.08. – 14.09). I juli mnd. er opningstida frå kl. 06.45. til kl. 15.45.

8.5. Dugnad.

Foreldre til born som har teke i mot plass i barnehagen er pålagt å ha bort i mot 5 dugnadstimar pr. barnehageår.

9. Opningstid

Opningstida er frå kl. 06.30 – 16.15.

Barnehagen er open heile året. Julafta og nyttårsafta har me stengt. Onsdag før Skjærtorsdag har barnehagen ope til kl. 16.15. I påsken og romjula kan opningstidene verta justert etter behov i samarbeid med foreldra.

Brukarar som ikkje overheld stengjetida må betala ein meirkostnad på kr. 200,-.

Personalet har 37,5 timar planleggingstid i året. 22,5 av desse timane vert tatt på dagtid, dvs. at barnehagen er stengt 4 dagar i løpet av eitt barnehageår (jfr. barnehageruta).

10. Foreldreråd

Alle foreldre og føresette som har sine born i barnehagen utgjer foreldrerådet.

Foreldrerådet er det formelle organet som gjev alle foreldre medinnflyting i barnehagen si verksemd. Foreldrerådet skal fremja samarbeidet mellom heim og barnehage, og kan be om å få førelagt viktige saker for foreldra sitt forhold til barnehagen. I slike saker har foreldrerådet rett til å uttala seg før avgjersler vert tekne. Ved avstemming i foreldrerådet har foreldra ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld (jfr. §4 i ”Lov om barnehagar”).

Foreldrerådet skal velja foreldra sine representantar til samarbeidsutvalet og styret. Desse representantane har ansvar for å gjera samarbeidsutvalet og styret kjent med foreldrerådet sine synspunkt. Møtet i foreldrerådet bør haldast i løpet av september månad, slik at valet av foreldrerepresentanten vert gjort og arbeidet i SU og styret kan starta.

Det skal haldast minst eitt foreldremøte pr. år.

11. Samarbeidsutvalet (SU)

Barnehagelova §4 med forskrifter gjer avgjersler om samarbeidsutvalet si samansetjing og oppgåver. Utvalet skal særleg vera med på å drøfta barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeida for å fremja kontakten mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

Samarbeidsutvalet skal godkjenna årsplan for barnehagen si verksemd.

Samarbeidsutvalet kan òg fremja forslag til styret i saker som har betydning for barnehagen sin økonomi.

Samarbeidsutvalet vert sett saman slik:

Foreldrerådet vel 2 medlemmer med vararepresentantar.

Tilsette i barnehagen vel 2 medlemmar med vararepresentantar.

Barnehagen sin eigar vel 1 representant med vararepresentant.

Dagleg leiar i barnehagen har møte-, tale- og forslagsrett.

12. Forsikring av born

Naustvågen barnehage forsikrar alle borna i barnehagen heile døgnet hjå Gjensidige, så lenge barnet har plass i barnehagen.

13. Internkontroll

Barnehagen skal ha internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse, miljø og sikringsarbeid (internkontrollforskriftene) og barnehagelova §9. Dokumentasjon vert oppbevart i barnehagen. Internkontrollsystemet for helse, miljø og sikkerhetsarbeid er utarbeida for barnehagen og vert kontinuerleg oppdatert av dagleg leiar

14. Tieleplikt og opplysningsplikt

Dei tilsette i barnehagen har teieplikt i følgje barnehagelova §44 og opplysningsplikt i følgje barnehagelova §45 og §46.

Utan hinder av teieplikta skal barnehagen melda frå til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen, eller at det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt.

Stiftinga Naustvågen Barnehage

20.01.2021.

Marianne Presthaug

- styreleiar

Anne Margrethe Madtsen

- leiar i samarbeidsutvalet